



Statens vegvesen

REGULERINGSPLAN

FØRESEGNER



vegfoto

Parsell: E134 Mostøyl-Høydalsmo

Kommune: Tokke

Detaljregulering for E134 Mostøyl-Høydalsmo

REGULERINGSFØRESEGNER

Tokke kommune

Plan ID: 0833-20150002

Forslagstiller: Statens vegvesen Region sør

Dato: 05.02.2016

Revidert: 02.05.2016

Kommunestyrets vedtak: 14.06.2016

GENERELT

Føremålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for utbetring av E134 i Tokke kommune på strekinga mellom Mostøyl-Høydalsmo.

Føresegnene gjeld for område vist med reguleringsgrense på plankart med teikningsnummer

R01, datert 05.02.2016

R02, datert 05.02.2016

R03, datert 05.02.2016

R04, rev A, datert 25.04.2016

R05, rev A, datert 25.04.2016

R06, datert 05.02.2016

R07, rev A, datert 25.04.2016

Området skal regulerast til følgjande arealføremål, jf. plan- og bygningslova § 12-5:

1. Bygningar og anlegg

- Bustad
- Bustad/forretning
- Forretning/kontor

2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

- Offentleg køyreveg
- Felles køyreveg
- Privat køyreveg
- Anna veggrunn - teknisk anlegg
- Anna veggrunn - grøntareal
- Haldeplass

5. Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift

- Landbruks-, natur- og friluftsområde

6. Bruk og vern av sjø og vassdrag

- Naturområde i vassdrag med tilhøyrande strandsone

Omsynssone, jf. plan og bygningslova § 12-6:

Faresone, høgspenningsanlegg.

Føresegner for bruk av areal i planområdet, jf. plan- og bygningslova § 12-7:

Anleggs- og riggområde.

AREALFØREMÅL (PBL § 12-5)

1. Bygningar og anlegg

Bustad

B 1 er bustad gnr/bnr 64/2

Bustad/forretning

BF skal nyttast til bygg for forretningsføremål. For utnytting og bruk av området gjeld dei til ein kvar tid gjeldande føresegner til kommuneplanens arealdel og Reguleringsplan for Høydalsmo, plan ID 08332811002, vedtatt av Tokke kommune 14.06.2011.

Forretning/kontor

FK skal nyttast som bensinstasjon og/eller vegserviceanlegg. For utnytting og bruk av området gjeld dei til ein kvar tid gjeldande føresegner til kommuneplanens arealdel og Reguleringsplan for Høydalsmo, plan ID 08332811002, vedtatt av Tokke kommune 14.06.2011.

2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg

I areala inngår køyrefelt med nødvendig breddeutvidelse, skulder og rekkverksrom.

o_veg 1 er offentlig køyreveg (E134)

o_veg 2 er offentlig køyreveg (Kvålsgrøndvegen)

o_veg 3 er offentlig køyreveg (Oftevegen)

f_veg 1 er felles avkøyrsløse til eigedomane gnr/bnr 64/1 og 69/2.
f_veg 2 er felles avkøyrsløse til eigedomane gnr/bnr 64/1 og 64/2.
f_veg 3 er privat avkøyrsløse til eigedomen gnr/bnr 64/1 og 69/2.
f_veg 4 er felles avkøyrsløse til eigedomane gnr/bnr 71/1, 71/2, 70/3, 70/4, 21/22, 60/1, 62/1 og 18/2.
f_veg 5 er felles avkøyrsløse til eigedomane gnr/bnr 70/3,4 og 71/1,2.
f_veg 6 er felles avkøyrsløse til eigedomane gnr/bnr 70/3, 70/6 og 70/9.
f_veg 7 er felles avkøyrsløse til eigedomane gnr/bnr 21/3, 21/7, 21/16 og 21/2.
f_veg 8 er felles avkøyrsløse til eigedomane gnr/bnr. 21/5 og 21/3.

p_veg 1 er privat avkøyrsløse til eigedomen gnr/bnr 64/2.
p_veg 2 er privat avkøyrsløse til eigedomen gnr/bnr 71/1,2.

Anna veggrunn – teknisk anlegg

I areala inngår trafikkøye i Kvålsgrendkrysset og trafikkøyer i kryss ved bensinstasjon/næringsområde.

Anna veggrunn – grøntareal

I areala inngår grøft, fylling og skjering. Kummer, stikkrenner, skilt og eventuelle støttemurar i samband med vegen skal liggje innafor dette føremålet. Anna veggrunn skal revegeterast slik at det ikkje kjem i konflikt med nødvendige frisktliner eller gjer nødvendig vedlikehald vanskeleg. Det skal nyttast naturleg revegetering der det er føremålstenleg. Mindre endringar i skråningsutslag innafor områda vil kunne skje som følgje av uforutsigbare forhold som til dømes grunnforhold eller feil i kartgrunnlaget. Areal som ikkje blir nytta til vegføremål kan nyttast til utanforliggjande føremål.

Haldeplass

SH1 og SH2 er haldeplassar ved Kvålsgrend.

5. Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift

Områda skal nyttast til landbruk-, natur- og friluftsområde. For utnytting og bruk av områda gjeld dei til ein kvar tid gjeldande føresegner til kommuneplanens arealdel.

6. Bruk og vern av sjø og vassdrag

Natur- og friluftsområde i vassdrag med tilhøyrande strandsone.
I areala inngår området som skal kryssast med ny Rui bru.

OMSYNSSONER (PBL § 12-6)

Faresone høgspenningsanlegg

Det er lagt inn omsynsone på 15 meter for høgspenningsanlegg som kryssar vegen ved profil 2765.

FØRESEGNOMRÅDER (PBL § 12-7)

1. Bruk av areal

Anleggs- og riggområde

Områda med skravur for anleggs- og riggområde kan i anleggsperioden nyttast til aktivitetar som er naudsynt for anleggsdrifta, inkludert deponiområder og omkøyringsvegar. Anleggs- og riggområder opphøyrer når veganlegget er ferdigstilt. Etter at området har vore bruka til anleggsområde for bygging av ny E134, skal området ryddast, revegeterast og førast tilbake til opphavleg føremål. Det skal nyttast naturleg revegetering der det er føremålstenleg.

2. Vilkår for bruk av areal

Frisiktlinjer

I sikttrekanten innafor siktlinene skal terrenget ikkje vere høgare enn køyrebanen på E134. Innafor sikttrekanten skal eventuelle sikhindringar ikkje vere høgare enn 0,5 m. Enkelte skiltstolpar og liknande kan stå innafor siktlinene. Primærvegens køyrebane, sett frå avkøyrslar, skal vere synleg i heile sikttrekanten.

Byggjegranser

Byggjegransa er ikkje vist på plankartet, men regulerast av Veglovas § 29, 2. ledd.

3. Krav til miljøkvalitet

Ytre miljøplan

Det skal utarbeidast ein Ytre miljøplan (YM-plan) for å sikre at føringar og krav for det ytre miljøet blir ivareteke på ein systematisk måte i den vidare arbeidet med detaljering og prosjektering.

Støy

For bustadene nær planområdet skal det vurderast lokale støytiltak for å bringe støynivået under L_{den} 55 dB utandørs, og under $L_{pAeq24h}$ 30 dB innandørs. Dette gjeld følgjande bustader/eigedomar: Gnr/bnr 64/2, 71/1,2, 70/3,4, 70/6, 21/7 og 21/5.

Ureina grunn

Dersom det under anleggsarbeidet blir avdekka ureina grunn skal ansvarleg myndigheit varslast, jfr. Ureiningslova § 7.

4. Universell utforming

Prinsipp for universell utforming skal leggjast til grunn for utforming av alle offentlege trafikkområde.

6. Kulturminne

Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som medfører å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje. Hogst og skjøtsel i område avsett til bevaring av kulturminne, må skje i samråd med dei regionale kulturminnemyndigheitene.

Dersom ein under anleggsarbeidet eller anna verksemd i planområdet blir oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stoppast omgåande og kulturvernmyndigheita varslast, jf. Lov om kulturminne av 9. juni 1978 §8 2. ledd.

10. Rekkefølgjeføresegner

Støy

Tiltak mot støy eller tilbod om slike tiltak som plan med føresegner viser, skal gjennomførast innan anleggsarbeida er ferdig og ny veg er opna for trafikk. Dette gjeld eigedomar som blir direkte berørt av faktisk utbetra strekning.

Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan i samband med prosjekteringsfasen. Denne skal blant anna vise kantsoner mot vassdrag som skal bevarast.

Tiltak for å hindre avrenning til vassdrag skal etablerast før en gjer tiltak/inngrep som kan forureine vassdrag.

Kulturminne

Før iverksetting av tiltak i medhald av planen skal det utførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet, id 137641 og 137644, som er merka som føresengområde #1 og #2 i plankartet.

Det automatisk freda kulturminnet, id 137613, kan fjernast utan ytterlegare arkeologisk undersøking.

Det skal tas kontakt med Telemark fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsettast.

Kulturminna med id 137611, id 137646 og id 137582 som ligg direkte utanfor plangrensa skal fysisk avmerkast i terrenget i samråd med Telemark fylkeskommune før anleggsarbeida startar.

11. Tekniske planar

Det skal utarbeidast tekniske planar for områda som er regulert til køyreveg og anna veggrunn.



Statens vegvesen
Region sør
Vegavdeling Telemark
Postboks 723 Stoa 4808 ARENDAL
Tlf: (+47 915) 02030
firmapost-sor@vegvesen.no

vegvesen.no

Trygt fram sammen